

## Årsmelding VRK 2019



Styret i 2019 bestod av:

Leiar: Edle Holmin

Nestleiar: Rakel Aasen

Kasserer: Linn Wangen Mork

Sekretær: Karin Hurlen Vatnehol

Styremedlem: Ida Kristine Standal Eikrem

Styremedlem: Liv Jorunn Nyhagen

Styremedlem: Bodil Jåtun Molvik

Varamedlem: Stine Risahagen Høgalmen

Ungdomsrepresentant: Anna Marie Wangen Mork

Det vart gjennomført ti styremøter i løpet av 2019. Klubben har ikkje hatt aktivitetsgruppe dette året, så styret har tatt hand om desse sakene også.

### Treningar og stemne



Klubben arrangerte (nokså) jamnleg treningar for Anja Grønnevik vår og haust, og på hausten vart det òg treningar for Ida-Elin Sunde Røstad. På sommaren hadde vi ei køyretrening for Janne Hetle.

Det vart arrangert to D-stemner i Volda, eit sprangstemne på sommaren og eit dressurstemne på hausten. Under haust-stemnet var vi vertskap for KM dressur, noko som var spennande. Begge stemna hadde tilfredsstillande tal deltakarar, og vi klarte å innkvartere alle

hestane som hadde behov for overnatting.

Vi arrangerte også nokre klubbstemner i sprangriding, eit på våren og to på hausten, der juniormedlemmane fekk høve til å ta del på lånt hest.

### Meisterskapsresultat



Fleire av klubben sine medlemmar har vore ute og konkurrert gjennom året, til fine plasseringar innan både dressur, sprang og køyring. Det store høgdepunktet for fleire var Fjordhest NM i Lier, der Anna Marie Wangen Mork/Årheims Sonja, Randi Maud Mork/Bakkens Odin og Ida Kristine Standal Eikrem/Heidrid representerte klubben. Anna starta junior NM, medan Randi og Ida Kristine starta opne klasser og

greinmeisterskap dressur. Dei tre ekvipasjene utgjorde også laget til Volda rideklubb.



Laget vart dessverre eliminert, men alle deltakarane våre fekk fleire fine plasseringar innan både riding og køyring. Under KM dressur på heimebane i september gjekk Volda rideklubb sitt lag, som bestod av Ida Kristine Standal Eikrem/Heidrid, Anja Grønnevik Kirketeig/Aruba og Hanne

Brunvoll/Maksimus, heilt til topps og tok lag-gullet. Liv Jorunn Nyhagen/Atlas Stengaard tok sølv individuelt, framfor Anja Grønnevik Kirketeig/Aruba som tok bronse.

## Rekruttering



Rideklubben hadde 104 medlemmar i 2019, noko som er ny rekord! 52 av medlemmane var under 16 år. VRK har også i 2019 satsa på rekruttering, og det vart helde fleire ridekurs, rideturar og stalldagar for juniormedlemmane. Juniorane har også fått tilbod om eigne juniorklasser på klubbstemna vi har arrangert, og dette har vore eit populært tilbod. 17 personar betalte baneleige i 2019.

## Haustshow




Hausten 2019 arrangerte klubben show på Vollane ridebane. Det vart vist fram dressurkvadrilje, tønneløp, miniski etter hest, feltritt, sprangkvadrilje og presisjonskøyring. Trass surt vêr kom det bra med folk, og arrangementet vart avslutta med barneringing.

## 17. mai



Kring elleve av klubben sine medlemmar stilte opp bak fana vår i folketoget på 17. mai, nokre av medlemmane hadde kjepphestar. Liv Jorunn Nyhagen/Pokemann og Anna Mork/Bakkens Odin reid fremst i toget.

## Pride-toget



I år deltok Liv Jorunn Nyhagen/Pokemann og Edle Holmin/Svarta i pride-toget. Dei fekk gå fremst i toget med einhjørningshorn i panna på hestane.

## Dugnad



Til påske og til jul selde klubben kakebokser frå Nordkak. Dette gav klubben kjærkomne inntekter. Vi har også selt tennbrikettar 2 gonger i løpet av året og saft og sylte frå Hervik Produkter.

Det har også vore fleire dugnadar på ridebana gjennom året der vi endeleg fekk spyla og malt gjerdet rundt ridebana. Vi hadde også vår årlege dugnad i å rydde vekk hestemøkk langs turveggar i Volda på våren.

## Ridehall

Vi har fått levert inn spelemiddelsøknad på ridehall i stål med rideflate på 20x60 meter og eit område til kiosk og tribune på 3x20 meter. Området som vi leiger er ikkje regulert. Vi har levert inn ein dispensasjonsøknad frå regulering som vi håper at fylket vil godkjenne. Det vil ta nokre månader før vi får svar på dette. Dersom denne



ikkje blir godkjent må området regulerast. Det kan fort ta eitt år, og då blir det ikkje bygging av ridehall før 2021. Vi får krysse fingrane for at dette ordnar seg og vi kan starte byggeprosessen av ridehall til våren 2020.

## Sponsorar

Klubben arbeidde aktivt med å få sponsorar til stemna våre, og det resulterte i mange flotte premiar. Vi har i tillegg nokre sponsorar som støtter oss mot at dei får ha logoen sin på nettsida vår.

## Satsingsklubb

VRK vart tatt opp i satsingsklubb-programmet til Norges Rytterforbund i 2019. Liv Jorunn Nyhagen representerte klubben på kick off i Lillestrøm, og seinare på



hausten hadde vi besøk av vår rettleiar Guro Grønningsæter her i Volda. Då hadde vi eit medlemsmøte med mange deltakarar der vi vart betre kjent og hadde idemyldring for forbetringar for klubben.

Det har vore arbeid med å ferdigstille dokumentasjonen som trengst for å bli sertifisert i løpet av hausten og vinteren, og innan sommaren 2020 vil vi få vite om vi vert godkjende. Å vere satsingsklubb er eit kvalitetsstempel som viser at det vert arbeid seriøst og målretta i klubben, og at vi har det vi treng av skriftleg dokumentasjon på plass. Dette kan vere positivt med tanke på å trekke til seg fleire sponsorar, med meir.